



ÅRSMØTE 2016

Tysdag den 29. november 2016 kl. 19:00
Stad: Flora Samfunnshus

SAKLISTE

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Godkjenning av sakliste
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av to møtesekretærar
- 5) Val av to til å skrive under møteprotokollen
- 6) Godkjenning av Årsmelding for 2016
- 7) Godkjenning av Rekneskap for 2016
- 8) Val av:
 - a) - leiar
 - b) - to styremedlem
 - c) - to varamedlem
 - d) - revisor
 - e) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
 - f) - to medlem til valnemnda
- 9) Val av nestleiar:
 - a) Veljast blant styret sine medlemar
- 10) Innkomne saker:
 - a) Ingen saker

11) Handlingsplan og turar for 2017

- a) Sjå saksvedlegg side 13

12) Fastsetting av losji prisar for 2017

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene

13) Fastsetting av turavgift for 2017

- a) Sjå saksvedlegg side 14

14) Godkjenning av budsjett for 2017

- a) Sjå saksvedlegg side 15

Kveldens foredragshaldar er Håkon Åsvang. Han vil fortelje om «Vegen til Mount Everest»

Vel møtt!

Siv Merete Stadheim / styreleiar



ÅRSMELDING 2016



Flora Turlag (FT) er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag (SFT) som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforeining (DNT). Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune. Flora Turlag utøvar sitt arbeid i Flora kommune og til liggjande fjellområde, særleg Ålfotbreområdet.

Formålet er å være den leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Flora Turlag har 4 hytter. Alle hyttene er ubetjent. Det betyr at dei er utan proviant men utstyrt med dyner, puter og kokeutstyr.

Flora Turlag arrangerer fellesturar og kurs.

Turlaget legg og tilrette for merking av nokre turområder, samt til våre hytter.

Flora Turlag gir uttale i naturvernsaker og til kommunale planar.


STYRET 2016

Leiar:	Siv Merete Stadheim – (på val)
Nestleiar/Styremedlem:	Knut Broberg – (på val)
Styremedlem:	Sara Ytreøy – (på val)
Styremedlem:	Espen Skalle – (ikkje på val)
Styremedlem:	Arnfrid Bergheim – (ikkje på val)
Kasserar:	Ane Eliassen – (ikkje på val)
Varamedlem:	Per Vidar Ottesen – (på val)
Varamedlem:	Ronny Berg – (på val)
Revisor:	Anne Karin Hamn Vestby – (på val)
Valnemnd:	Dag Eliassen – (på val) Siri Stavang – (på val) Sissel Strømmen – (ikkje på val)

MEDLEMSUTVIKLING

Medlemstal per 25.10.2016: 765. Om lag 14% auke frå 2015.

Medlemmar	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Hovudmedlemmer	360	372	341	311	300	290	271	245	224	210	208
Husstandsmedlemmer	115	127	112	103	93	88	70	62	62	65	58
Student-/skolemedlemmer	38	42	37	33	35	37	11	29	17	13	14
Hommedlemmer	62	50	45	42	39	34	32	18	14	17	18
Barnemedlemmer	61	75	63	44	51	46	39	33	27	21	11
Livsværtige medlemmer	6	6	6	7	7	7	7	6	6	4	4
Familie medlemmer	28										
Familie - husstadsmedlemmer	95										
Totalt	765	672	604	540	525	502	456	393	350	330	313



Vi har 3 æresmedlemmer Astrid B. Eliassen, Arne Grov og Kjartan Tveranger.

Arne Grov gjekk bort i 2016. Grov var ein svært ivrig friluftsmann og var opptatt av at fleire skulle nytte seg av fjella i Flora Kommune. Han var ein av grunnleggjarane av Flora Turlag. Særleg etableringa av hytta Blåbrebu og Gjegnabu samt merking/varding av området til Ålfotbrean var ein av Grov sin milepælar. Flora Turlag er svært takksam for alt Grov bidrog med for friluftslivet. Vi lyser fred over hans minne.

MØTER / STYREARBEID

Flora Turlag:

Styret har hatt 6 møter og hovudfokuset har vert å jobbe i tråd med handlingsplanen som årsmøte godkjente for 2016.

2016 var det 40 års sidan Flora Turlag vart skipa. Turlaget inviterte til open dag på Sørstrand Folkepark den 29.mai. Det møtte om lag 600 personar. Dette var eit arrangement i samarbeid med Våt Moro.

Turbok vart lansert på dette arrangementet.

Redaksjonskomiteen har lagt ned over 3500 timer på dugnad i dette prosjektet. Alle turar er også lagt ut på UT.no. Turboka har fått svært gode tilbakemeldingar på korleis den er utforma.

Redaksjonskomiteen var Arnfid Bergheim, Astrid Breiland Eliassen, Eivind Nordvik Hauge og Signe Nordvik. Vi takkar Natvik Prenteverk v/ Tove Natvik for svært gode råd og bidrag.



Helga 8.- 9. juli inviterte vi til **40-års feiring på Blåbrebu**.

Ordførar Ola Teigen, DNT sentralt Anne Mari Aamelfot Hjelle, Styreleiar Sogn og Fjordane Turlag Marino Ask hadde alle helsingar med til Flora Turlag. Dei rosa turlaget for stort engasjement, breitt turtilbod – kort oppsummert ein svært sprek 40 åring.

Dag Eliassen orienterte om historia til Turlaget. Styreleiar Siv Merete Stadheim leia festen samt orienterte om turlaget «i dag» samt den vidare utviklinga.



Vi har hatt **turprogramkveld** for helgeturar og tysdags- og onsdagsturar.

Det har og vore eit stort samarbeidsprosjekt mellom kommunen og frivillige frå turlaget i samband med **oppgraderinga av stinettet i Brandsøyåsen**. 20. juni var det ei markering kring oppgradering av stinettet, skilting av turløypene i Florø samt gapahuken som er satt opp på Brandsøyåsen.

Ordfører Ola Teigen sto for den offisielle opninga og trekte fram det gode samspelt mellom frivillige og kommunen slik at prosjektet kunne realiserast.

Det er etablert eit **samarbeid med Fjordkysten** (turistinformasjonen) der dei marknadsfører turtilboda våre, sel Turbok, låner ut nøkkelen til Kinn samt gir generell turinformasjon.

Flora Turlag har lagt ut over 140 turforslag i Flora kommune på den nasjonale turplanlegger UT.no si nettsida under gruppe Flora Turlag og på mobilapp.

Sogn og Fjordane Turlag:

Årsmøtet Sogn og Fjordane Turlag på Skei: Ingen deltakarar frå Florø pga stomen Tor.

DNT:

Astrid B. Eliassen og Arnfrid Bergheim har delteke på nettbassert kurs om nye Sherpa.

TURAR / PROFILERING / AKTIVITETAR

	2016	2015	2014	2013
Totalt tal avvikla turar/arrangement inkl. BT-turar og tysdags- og onsdagsturar	107	109	136	91
Av disse:				
• Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	13 (12 avlyst)	11 (8 avlyst)	47 (15 avlyst)	18 (8 avlyst)
• BT arrangement	9 (1 avlyst)	14	10	9 (1 avlyst)
• Lågterskel	11			
• Tysdags- og onsdagsturar	33 (9 avlyst)	40 (2 avlyst)	39 (3 avlyst)	42 (5 avlyst)
• Seniorgr./Torsdagstur	39	40	37	18
• FHF turar/kurs/arr	2	4	21	4
• Deltakarar:				
Vaksne helgeturar/BT	201	172	554/46	188/429
Lågterskeltilbod	255			
BT – Barn Turlag	1010*	1175	1150 b/v*	15/447
OPPTUR	160	170	170	170
Tysdags- og onsdagsturar	370 (derav 13 barn)	368 (derav 7 barn)	405 (7 barn)	453 (14 barn)
Seniorgr./Torsdagstur	357	344	274	126
FHF	9	21	21	31
Totalt	2362	2250	2627	1873

Vi hadde turar/arrangement i SFT programmet inkl BT arrangement og FHF arrangement (utanom tysdags-, onsdags- og torsdagsturar). Turane har vore gjort kjent på heimesida til Flora Turlag <https://flora.dnt.no/> samt på Facebook. Kvar veke vert det sendt ut e-post med kommande vekas aktivitet. Det har vert jobba svært systematisk med å legge ut kort rapport og eit par bilde i etterkant av gjennomført tur. Dette er eit svært viktig arbeid for synleggjering og inkludering!

Turane har som vanleg vore i SFT sitt Turprogram som vert sendt til heile fylket i februar. Flora Turlag var og omtalt i turavisa til Sogn og Fjordane Turlag som også går til alle husstandar i Sogn og Fjordane.

Barnas Turlag:

Tal turar/arrangement: 8

Deltakarar: 940

I år har BT hatt flest av sine opplegg knytta til helg. BT har mellom anna hatt arrangement i Eikefjord, tur til gapahuken på Klavelandet og den tradisjonelle støylsdagen på Mitbøstøylen.



Kom deg ut dagar- BT:

Kom deg ut-dagen er ein nasjonal turdag i regi av DNT. Dagen skal styrke kjennskapen til turlaget sitt kjernetilbod og gjennom det auke deltakinga i friluftsliv blant alle aldersgrupper.

Kom deg ut-dagen – vinter.

Vart avlyst i 2016.

Kom deg ut-dagen – haust.

BT hadde tur til Storevatnet i Norddalsfjord.

Opptur:

Flora Turlag og DNT arrangerte for 11. gang OPPTUR for 8. klassingar. Det var om lag 160 8. klassingar på Brandsøyåsen denne dagen.

Flora Vidaregåande skule Vg2 helsefagarbeidar hadde aktivitetar og natursti ved Storevatnet. Seniorgruppa delte ut frukt ved Torvmyrane skule. Flora Røde Kors Hjelpekorps hadde enkel førstehjelpsopplæring på toppen.



Lavterskelturar:

I samarbeid med Flora Røde Kors starta Flora Turlag våren 2016 opp eit nytt turtilbod med eige turprogram - Lavterskelturar. Turar på skogsveg, i terrenget og på fjellet. Flora Frivilligsentral som på vegne av Flora Røde Kors, koordinerer den årlege inkluderings turen "Til Topps" til Galdhøpiggen, har også vore ein viktig bidragsytar med koordinering og marknadsføring av turane.

På nokre av turane "kopla vi oss på" turane til Flora Turlag: Barnas Turlag på Brendøya med grilling, Gapahuken på Klavelandet (der Flora Turlag gjekk frå Bjørnset og Lavterskeltur-gjengen gjekk frå Mækjevik og møttes i Gapahuken) og Nordre Midtbøstøylen.

Det har vore veldig godt oppmøte på turane med mykje godt vær (berre to onsdagar med regn!). På turen til Brendøya og Sørstrand Folkepark var det med nesten 50 personar og på siste turen til Hatlesetnipa var det med ca. 45 personar. Hovudtyngda av deltakarane har vore innvandrarar med minoritetsbakgrunn, både asylsøkarar og busette. I tillegg har det vore med deltakarar frå Polen, Thailand, Estland, Latvia og Norge.



Ferskingkurs:

Gjennom tre onsdagar gjennomførte vi Ferskingkurs i friluftsliv som er eit grunnleggande kurs i praktisk friluftsliv der målet er at fleire skal føle seg trygge på eigne friluftsferdigheiter og komme seg ut på tur. Dette kurset var spesielt tilpassa innvandrarar. Den 27. april hadde vi teori på Innvandrarsenteret, deretter lagde vi mat på bål og primus i Gapahuken på Nordnes. 4. mai hadde vi førstehjelp på Innvandrarsenteret og gjekk tur i Brandsøyåsen. I tillegg hadde vi orientering med kart og kompass på turen til Eikefjordstøylen i regi av Alvdis Solvang. Totalt var det ca. 70 personar som var med på desse tre onsdagane, men det var vel 20 personar som var med kvar gong og med dette kan sei å ha gjennomført kurset.

Turen til Galdhøpiggen 3. - 4. juni:

Det var 46 personar med til Galdhøpiggen. Lavterskelturleiarane Siri Stavang, Lisbeth Ingvaldsen og Laila Schønhardt samt 3 andre frivillige var med som frivillige turleiarar på denne turen. Av 46 var det 30 personar som gjekk til toppen av Galdhøpiggen med skyfri himmel og strålende sol.

Tysdags- og onsdagsturar:

Tal turar: Oppsett 42 turar og 9 av desse vart avlyste.

Deltakarar: 357 vaksne og 13 barn.

Også i år har vi hatt turar både tysdag og onsdag frå slutten av april til ut september. Nokre av turane har vore tematurar. Flest deltakarar hadde turen til Askrova, 33 stk og 30 stk på turen til Reksta.



Astrid Breiland Eliassen, Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth har hatt ansvaret for midtveketurane i år.

Det var invitert til informasjonsmøte om turane i mars og der gjennomførte vi trekning av premier for dei som har vore med på tysdags/onsdagsturane, torsdagsturane og turboka på Brandsøyåsen.

Seniorgruppa/ Torsdagsturen:

Dette tilbodet er for dei som har moglegheit til å gå på tur på dagtid. Denne aktiviteten har vore svært populær også i 2016. Heile 357 personar har vore med på tur i år!

Gruppa følgjer skuleåret for sin aktivitet og har ikkje avlyst ein tur.

Turleiarar for gruppa: Trygve Nybø, Astrid B. Eliassen, Arnfrid Bergheim og Hilde B. Reksten



Flora Hav- og fjellsportsgruppa:

Leiar: Terje Grøneng

Medlem: Kolbjørn Nesje Nybø, Anders Espeseth og Kjetil Høidal.

Gjennom FHF ønskjer Flora Turlag å auke aktiviteten innan tradisjonell fjellsport og der igjennom å tiltrekke oss nye målgrupper generelt og ungdom spesielt.

Gruppa gjennomførte 2 arrangement som begge var skiturar. Det var planlagt brekurs men dette vart avlyst.

Sikkerheit:

1 avviksmelding frå turar 2016.

Det er utarbeida beredskapsplanar for Flora Turlag.

Det vart og arrangert temakveld for risikovurdering av turar for turldarar. Kjetil Høidal gjennomgjekk mal risikovurdering for turar. Siv Merete Stadheim gjennomgjekk beredskapsplanen for Flora Turlag.

Merkenemnd:

Astrid Breiland Eliassen, Dag Eliassen og Jofrid Sundal

Det er gjort vedlikehald på løypene:

- Årebrot - Grytdalen
- Hope - Gjegnabu

Det er gjennomført varding og skilta i Grytdalen. Det gjenstår å sette opp «her er du no» tavler på begge parkeringsplassane samt nokre skilt.

Sentrumsskiltinga er ferdig.

Vi skal i samarbeid med Flora Kommune sette opp nye informasjonstavler ved Omsorgssenteret, Torvmyrane og Brandsøy parkering.



TURBØKER

Turlaget har 15 turbøker plasser i kasser sponsa av lokalt næringsliv.

Brandsøyåsen – er det best besøkte turmålet med ca. 48 500 og dette turmålet viser ein stor framgang frå 2015. Ein framgang på nesten 10 000. Utvilsamt er oppgraderinga av stinettet ein av årsakene til denne formidable auken.

Turbøker	▼ Antall 2016	▼ Antall 2015
Brandsøyåsen	48505	39 980
Terdalskeipen	675	809
Haukånipa	185	185
Klauekeipen	227	297
Hatlesetnipa	2 591	2 454
Slettevarden	102	143
Batalden	703	603
Uførefjellet	420	894
Middagsnipa	102	63
Snøfjellet	77	105
Hovlandsstølen	4 204	3 528
Stølsvatnet	136	188
Høydalsnipa	307	216
Flatenipa	153	138
Endestadnipa	186	177
Totalt	58573	49 780

TURTRIMMEN

Turtrimmen er eit samarbeid med Flora Kommune. Turmåla varierer kvart år rundt i kommunen på land og på øyane. 22 stk leverte inn utfylt skjema og alle får utdelt krus med «Turtrimmen» 2016.

SAMARBEID

På tysdags- og onsdagsturane våre har vi veldig ofte med oss lokale kjentfolk. Mange tek kontakt og ønskjer at turlaget skal gå tur i deira nærområde.

Florø Skyssbåt AS er ein god samarbeidspart i samband med leige av båt til dei mange øyturane våre.

Turtrimmen – samarbeid med Folkehelsekoordinator i Flora Kommune.

Oppgradering av stiar i Brandsøyåsen har og vore eit samarbeidsprosjekt med Flora Kommune..

Vi har eit godt samarbeid med Norddalsfjord grendalag om støyldag på Midtbøstøylen samt Hovdendagen med Hovdevåg og Barekstad grendalag.

Samarbeid med Kinnaspelet og tur for BT, samt samarbeid med Kinn kyrkjeleg fellesråd vedrørande hytta på Kinn.

Flora Turlag har og hatt to representantar med i styringsgruppa for handlingsplan for frilufts- og idrettsanlegg i Flora Kommune.

HYTTENE

Grytadalsbu:

Vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmann: Åge Herstad

Blåbrebu:

Det er ny batteripakke til solcellepanelet, hytta er måla utvendig samt tjære på taket. Nye hyller er på plass i boda og takutstikk på tilbygget er reparert. Den gamle båten er flydd ned att. Det er skifta vindauge i gamlehytta.

Stigen til breen er og utbetra. Tilsynsmann: Stig Solheim.

Gjegnabu:

Det er skifta pipe samt laga til ny pipehatt. Her fekk vi god bistand frå snekker Ovesen, og rettar han ei stor takk. Elles gjennomført vanleg vedlikehald og tilsynsoppgåver.

Tilsynsmann: Martin Mettenes.

Kinn:

Hytta er måla utvending. I tillegg er veggger, tak og golv i 2.egt måla. Signe Nordvik og Marit Linda Espeseth har ansvar for dagleg drift. Tilsynsmann: Lasse Seim.

HYTTEBESØK

		16	15	14	13	12		16	15	14	13*	12
Grytadalsbu	Overnatting		21	15	17	5	Dagsbesøk			160	50	
Børabu	Overnatting		**			-	Dagsbesøk					-
Gjegnabu	Overnatting	62	123	166	122	105	Dagsbesøk	25	7	7	7	
Blåbrebu	Overnatting	95	**	104	42	72	Dagsbesøk	16		14	30	3
Gamle Blåbrebu	Overnatting					5	Dagsbesøk					
Kinn	Overnatting	173	216	25				74	40			
Totalt		330	360	310	181	187		115	47	181	87	

*dagsbesøk er stipulerte tal.

** vi har ikkje lukkast med og få inn protokollane for 2015.

NATURVERNARBEID

Vi har delteke på styremøte i Ålfotbreen landskapsvernombordet gjeldane besøksstrategi for området. Foreslått der at ein bør jobbe for ein oppgradering av stien frå Hope til Lavestenen. Denne stien bør vere hovudåra inn til landskapsverneområdet.

DUGNAD

Hyttene: om lag 400 timer

Turleiing/arrangement: om lag 1200 timer

Tysdags- og onsdagsturar: om lag 600 timer

Torsdagsturar: 500 timer

Lavterskelturar: 200 timer

Møter og administrasjon: 500 timer

Turbok og UT.no: 2000 timer

Varding/ merking/ oppgradering Brandsøyåsen og Storåsen: 1500 timer

TURLEIARAR

Desse har autorisasjon som turleiarar:

Vinterturleiar (Grad 3): Stig Solheim, Kjetil Tveranger og Kolbjørn Hovland.

Sommarturleiar (Grad 2): Dag Eliassen, Alvdis Solvang, Terje Grøneng, Kjartan Kvellestad, Kari Nordvik Hauge, Eivind Nordvik Hauge, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen og Kolbjørn Nybø.

Nærmiljøturleiar (Grad 1): Sissel Strømmen, Trygve Nybø, Nina Seljestokken, Ane Eliassen, Bente Årebrot, Merete Moe, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sunndal, Helge Dale, Danckert Dankertsen, Anders Cassells, Arnt Hellevang, Hilde Charlotte Strømsnes, Janne Kristin Fristad, Marit Gjerstad, Sara Steine, Terje Heggheim, Oddvar Myhre, Siri Stavang, Idun Jansen, Siri Jansen, Monica Støyva, Anders Myklebust, Gunnar Furelid, Knut Hjermann, Oddgeir Hamn, Torbjørn Lysne, Eilif Bjerck og Arnfrid Bergheim.

Turvenn: Hilde Bjerck Reksten og Astrid Breiland Eliassen.



**Vi vil rette ei stor takk til alle dei som gjer ein glimrande
dugnadsinnsats for Flora Turlag!**

Siv Merete Stadheim
Styreleiar

Knut Broberg
Nestleiar

Ane Eliassen
Kasserar

Sara Marie Ytreøy
Sekretær

Arnfrid Bergheim
Styremedlem

Espen Skalle
Styremedlem

SAKSVEDLEGG

Sak 7: REKNESKAP FOR 2016

FLORA TURLAG REGNSKAP 2016					
Eiendeler	2016	2015	Inntekter	2016	2015
Fordringer	31 185	9 919	Medlemskontigent	234 143	214 411
Bank	870 998	814 401	Turavgifter	26 096	57 157
Bundne midler	1 116 432	1 095 266	Overnatting hytter	51 610	39 175
Sum	2 018 615	1 919 585	Kurs	0	11 500
			Tilskot	117 025	215 432
Gjeld/EK	2016	2015	Annet	119 043	20 972
Kortsiktig gjeld	100 000		Sum	547 917	558 647
Annen EK	1 919 585	1 562 987			
Årests resultat	-970	356 598	Kostnader	2016	2015
Sum	2 018 615	1 919 585	Kostnader arr -Båttransport	22 075	56 526
			Annonser	27 113	28 607
			Hytter	128 811	36 803
			Kurs	0	13 113
			Merking	38 767	22 988
			Møter/kurs/oppdateringer o.l	16 793	-5 565
			Annet	337 944	84 037
			Sum	571 503	236 509
			Renter	22 615	34 460
			Årsresultat	-970	356 598
Florø, 29.11.2016					
Siv Merete Stadheim				Ane Eliassen	
Leiar				Kasserer	

Sak 11: HANDLINGSPLAN FOR 2017

Styret har følgjande forslag til handlingsplan for 2017:

2017	HANDLINGSPLAN FOR FLORA TURLAG		
Hovudmål:	Medlemmar og potensielle medlemmar		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
800 medlemmar	5 medieomtalar		
	Ferdigstille merkeprosjekt		
Turprogram	Oppsett turar inkl møte for turleiare		
Samarbeid turistkontor	Vidareutvikle samarbeide med Fjordkysten/turistinformasjonen		
Turbøker	15 turbøker i kommunen		

Hovudmål:	Tilbod.	Ansvar:	Frist:
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Arrangere turar	Tysdags- eller onsdagsturar april-sept Torsdagsturar på dagtid Opptur for 8.kl Helgeturar Kajakkтур på kveldstid, mai-sept		
• BT	Arr kom deg ut dag, Mitbøstøylen, div helgearrangement		
• Hav og fjellsport	Bre, kajakk og klatring. Bre/klatring på Gjegnabu		
Hyttedrift	Ordinært vedlikehald Tydleg info om innbetaling / app innbetaling på alle hyttene,		
Stimerking	Blåbrebu, Gjegnabu, Årebrot – Villevika, Grytdalen og Brandsøyåsen		
Kurs	Førstehjelpskurs Kart og kompass - GPS Fjellmedisinkurs Turleiarkurs trinn 1		
Turtrim	Organisere Turtrim saman med kommunen. Deltakartal har potensiale til å aukast.		
Turleiari	Få fleire av dei som har turleiarkurs aktive som turleiari		

Hovudmål:	Naturforvalting.	Ansvar:	Frist:
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Vindturbinar på Guleslettene	Følgje opp den saka med tilrettelegging for turfolket		
Sti Hope- Lavestenen	Vere pådrivar for oppgradering av stien. Dette i samarbeid med Gloppe kommune og Ålfoten vernestyre.		

Hovudmål:	Organisasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
Oversikt styre og aktivitetsgrupper	Ansvarspersonar på gruppenivå		
5 styremøter	Følgje handlingsplanen		
Samarbeid Sogn og Fjordane TL og DNT	Aktivt bidra til å utvikle organisasjonen DNT		
Sponsorer	Søke om midlar til drift og prosjekt		
Hytter	Utarbeide ein hyttestrategi for FT		

Hovudmål:	Kommunikasjon:		
Flora Turlag mål:	Tiltak:	Ansvar:	Frist:
God informasjon -Medlemmar	Alle turane og aktivitetane skal ligge på nettsida til Flora Turlag https://flora.dnt.no/ (Sherpa) Alle turar skal publiseras på våre Facebook sider		
	Vekebrev om aktivitet til alle medlemmar på e-post (DNT lister)		
	Publisere turrapporter		
Media	5 medieomtaler om aktivitet		
Samarbeidsparter	Delta på 4 møter med samarbeidspartar som: kommune, folkehelse osv.		
Sosiale media	Systematisk marknadsføring på heimeside og Facebook		

Sak 12: TURFORSLAG 2017

Sendt ut e-post til turleiarane og lagt ut informasjon på heimesida om at ein ønskjer innspel på turar til neste års turprogram. Frist for innspel i første runde er satt til *15. desember 2016*. Styret tek innspela med seg og set opp eit utkast til turprogram for 2017. Det vert arrangert turprogramkveld i januar 2017.

Sak 13: TURAVGIFT 2017

Heildagsturar: Medlemar gratis og ikkje medlemar kr. 100.
Tysdags- og onsdagsturar: Inga avgift utover faktiske transportkostnadjar.

Barn under 15 år gratis.

Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskjøyring. Over 20 km kr. 40.

Sak 14: BUDSJETT 2017

Inntekter	2017
Medlemskontingent	215 000
Turavgifter	25 000
Overnatting hytter	40 000
Kurs	0
Tilskot	0
Annet	0
Sum	280 000
Kostnader	2017
Kostnader arr –Båttransport	30 000
Annonser	40 000
Hytter	100 000
Kurs	20 000
Merking	40 000
Møter/kurs/oppdateringer o.l	20 000
Annet	50 000
Sum	300 000
Renter	20 000
Årsresultat	0